

FINE GAMLE ETTERNAMN MED TRADISJON I SLEKTA

Med den nye personnamnlova som gjeld frå 1.1.2003, har det blitt utvida rettar til å hente inn mellom- og etternamn som familien har tilknytning til. I denne artikkelen vil eg ta opp korleis slike saker kan løysast.

Tilgangen til namn som folk ønskjer frå tidlegare slekt, blei letta på særleg tre måtar:

- a) Grunnlaget for kva etternamn ein har rett til på grunnlag av tilknytning, er forlenga tilbake til tippoldeforeldregenerasjonen, mot berre foreldra i den gamle lova. Det er dessutan utvida til tidlegare bruk som mellomnamn like langt tilbake. (§ 4 1. ledd (= avsn.) nr. 1.)
- b) Grensa for beskytta etternamn er endra frå 500 til 200 (§ 3 2. ledd).
- c) Namn ein kan få som etternamn, kan ein òg få som mellomnamn (§ 9). Tidlegare gjaldt det berre nære slektsledd bakover.

Reglane er i hovudsak som før når det gjeld løyve til nye namn som ingen har før, etternamn frå namn på gardsbruk, og unntaksreglar for lang tids bruk utan at namna har vore førde i folkeregisteret.

Regelendingane har altså gjort det lettare for dei som vil ta i bruk etternamn eller mellomnamn som har vore bruk i tidlegare generasjonar i familien, jf. pkt. 1 og 5 nedanfor. Elles vil nokre søkjarar ha gamle skrivemåtar av mellom- og etternamn som dei har no, pkt. 2. Grunngevinga for å søkje om eldre skrivemåtar er helst at dei blir oppfatta som dei eigenlege eller rette formene som har vore brukte i slekta. Vidare finst det dei som bruker eit anna etternamn enn det som står i folkeregisteret, og søkjer om å få det offisielt, pkt. 3. Nokre vil at slekta skal føre vidare namnet på eit gardsbruk slekta har eller har hatt, pkt. 4. Søknader om namn ein ikkje har nær nok tilknytning til eller ikkje noko tilknytning i det heile, kan i nokre tilfelle bli løyste etter reglane om beskytta, frie og nye etternamn, pkt. 6. Framgangsmåtane i pkt. 6 kan altså løyse namnesaker omtalte i pkt. 1-5.

Vurderingane i denne artikkelen er mine, og byggjer på mine råd til folkeregister og fylkesmenn. Saker som liknar dei som blir omtalte, kan få anna utfall. Grunnen til det er at mange omsyn er utelatne for å avgrense framstillinga. Siffer i parentes etter namn gjeld tal på berarar i Noreg 1.1.2005, f.eks. *Nedreli* (7).

1) Etternamn frå tidlegare slektsledd

Bruken av namn i tidlegare slektsledd må normalt dokumenterast med skriftlege kjelder frå samtida til berarane. Det er namnet med den ønskje skrivemåten som må dokumenterast. Ønskjer ein *Rommetvedt* (28), er det ikkje nok å dokumentere bruk av *Rommetveit* (122) som etternamn.

Det er ikkje krav om bruk heile livet, men det må vere sannsynleg at namnet har vore brukt i nokre år. Frå tida før folkeregister blei innført, stort sett mellom 1915 og 1940 i dei fleste byane og i mange andre kommunar, trengst dokumentasjon som viser fleire eksempel på bruk både i offentlege og private dokument. Slikt kan vere kyrkjebøker, folketeljingar, nedteikningar i biblar eller andre papir, private brev og postkort. Det kan òg vere slektsbøker og bygdebøker dersom dei har god fagleg kvalitet. Kravet om å vise til same skrivemåten i fleire dokument og over tid har særleg grunnlag i at skrivemåtar og namnebruk ofte har vore varierende.

Slektstre og notat skrivne i eigen familie er normalt ikkje godt nok som dokumentasjon. Grunnen er at dei ofte byggjer på munnleg tradisjon i slekta, slik at namn og namneformer kan vere førde inn for fleire generasjonar enn det som andre skriftlege dokument viser. Etter innføringa av folkeregister i dei aktuelle kommunane er det namna i folkeregisteret som normalt gjeld.

Nokre søknader gjeld ønske om adelege namn med prefiks, f.eks. *von*, *af* og *de*. Det var ganske vanleg at slike namn gjekk ut av bruk på 1700-talet i slektsgreiner som ikkje lenger tilhøyrde adel, embetsstand eller handelsborgarskap. Dette vil seie at mange av dei som ønskjer slike høgstatusnamn, må til 3.- eller 4.-tippoldeforeldre for å finne dei. Så lang avstand oppfyller ikkje krava i lova.

2) Endringar til eldre skrivemåtar av mellom- eller etternamn

Nokre søkjarar ønskjer å endre frå nyare skrivemåtar som dei har i folkeregisteret, til gamle som dei meiner dei har tilknytning til, f.eks. frå *g* til *k*, *v* til *w*, *t* til *th*, *ø* til *œ* og *-tveit* til *-tvedt*. Det kan vere endring frå *Vaktskjold* (53) til *Wagtskjold* (25). Slike saker er greie å løyse dersom søkjarane har god nok dokumentasjon for bruk av den ønskje skrivemåten i slekta.

I praksis er dokumentasjon av skrivemåtar blant formødrer og -fedrar i mange tilfelle vanskeleg å skaffe fordi dei kan veksle frå dokument til dokument, også frå same tid. Løyve til ei namneform byggjer på kva form som har vore ei sannsynleg form for den eller dei aktuelle berarane i samtida.

Nokre slike saker har blitt løyste med godkjenning, og dessutan ville mange av dei blitt løyste med den gamle lova. Søknadene kjem vel helst fordi den nye lova har fått merksemd. Endring begge vegar mellom *å* og *aa* har blitt fri.

Saker ein ikkje kan løyse med dokumentasjon eller ikkje har nær nok tilknytning til etter hovudregelen ovanfor, kan ein i nokre heilt spesielle tilfelle løyse med unntaksreglar.

3) Namn eller namneformer som er brukte i familien utan offisiell registrering

Det hender ein familie har brukt eit etternamn i årevis utan at det har vore ført i folkeregisteret. Avviket kan vere skrivemåten, eller eit heilt ulikt namn. Ein kan ha brukt *Flagtvedt* (96), men vere førd med *Flaktveit* (22) eller *Nilsen* (37 316) i folkeregisteret.

Det blir kravt samanhengande og rimeleg konsekvent bruk i nedstigande ledd frå før 1947 – då folkeregister blei innført over heile landet – og fram til notida. Fordi det jo gjeld bruk som skil seg frå folkeregisteroppføring, må ein altså ha annan

dokumentasjon. I praksis vil det seie eit utval av privat og offentleg dokumentasjon, som viser bruk i ulike samahengar, gjerne med minst eit dokument for kvart tiår. Det kan vere f.eks. førarkort, vaskinasjonsattestar, karakterbøker, vitnemål, tilsetjingsbrev, attestar, bankbøker, lånebevis, telefonkatalogar, medlemskort, private brev og postkort. Dette skil seg frå annan dokumentasjon frå eldre tider som er nemnt under pkt. 1 og 2, med at bruken her under pkt. 3 gjeld samahengande bruk heilt fram til ein søker.

4) Etternamn frå namn på gardsbruk

Som i den tidlegare namnelova kan folk som eig eit gardsbruk eller der foreldra eig det, få etternamn frå bruksnamnet. Det er krav om gardsdrift på staden. Det finst unntaksreglar for fjernare tilknytning til gardsbruket, men dei er i praksis vanskelege å oppfylle. Den viktigaste lovendinga som gjeld namn på gardsbruk, er at folk med tilknytning til eit gardsbruk, kan velje blant fleire skrivemåtar, bl.a. eldre. Ein som eig eit bruk som heiter *Rommetveit*, kan få etternamn med den eldre skrivemåten *Rommetvedt* dersom den kan dokumenterast for bruket. Søklarar kan få slike namn sjølv om andre har like etternamn og dei er beskytta.

Nokre søknader om etternamn gjeld namn på fråflytta bruk. Stadene er ofte brukt som sommarbustader. Søklarane får avslag om saka ikkje kan løysast etter andre reglar i lova.

Når nye eller gamle skrivemåtar for namn på gardsbruk ikkje er i bruk som etternamn, kan kven som helst få som mellom- eller etternamn. I desember 2004 gav folkeregisteret i Bergen løyve til *Instenes* som nytt etternamn, fordi ingen hadde det som etternamn. Dette har grunnlag i gardsbruket som i dag heiter *Instanes*, og som 137 har etternamnet *Instanes* etter. Jf. òg pkt. 6 om nye etternamn og samanblanding. Søkjaren hadde tilknytning til gardsbruket, men for fjern etter lova.

Det gjeld andre reglar for fastsetjing og endring av namn på gardsbruk. Dei finst i *lov om stadnamn*.

5) Frå mellomnamn og ekstra fornamn

Ønske om å ta i bruk tradisjonsnamn frå slekta gjeld, som nemnt, både mellom- og etternamn. På den måten kan tidlegare mellomnamn bli tekne i bruk som mellom- eller etternamn, og for tidlegare etternamn har ein det same valet.

Termen "mellomnamn" blei innført i personnamnlova frå 1965. Den omfattar namn som normalt har vore etternamn i familien. Før 1965 blei namn som tilsvarar desse, i hovudsak førde som siste fornamn, saman med normale fornamn.

Berre namn med opphav som etternamn i familien blir rekna som mellomnamn etter regelen om tradisjon i slekta. Namn henta utanfor familien, f.eks. *Luther* etter reformatoren, blir altså ikkje etter lova rekna som mellomnamn i familien til søkjaren.

Det krevst mellomnamnsbruk hos tippoldeforeldre eller seinare, men opphavet kan vere eit etternamn før det. Det kan f.eks. vere etternamnet *Friele* (17) hos 3.- tippoldeforeldra. Ei tippoldemor, som er barnebarn, kan ha fornamna *Sophie Friele*, der det er rimeleg å rekne *Friele* som mellomnamn etter lova.

Det er mange som ikkje kan skaffe god nok dokumentasjon. Grunnen er truleg ofte at namnet ikkje har opphav i eit etternamn i familien, men i ei oppkalling etter nokon utanfor familien.

I nokre saker utan nok dokumentasjon hender det at det ønskete namnet er eit fritt etternamn, dvs. med fleire enn 200 etternamnsberarar no. Eit eksempel er *Sverdrup* (318). Slike namn kan kven som helst ta som etter- eller mellomnamn utan noko form for dokumentasjon for bruk i slekta, jf. pkt. 6.

6) Beskytta, frie og nye etternamn

Som nemnt i innleiinga kan alle typar saker som er nemnde ovanfor, i nokre tilfelle bli løyste etter reglane om beskytta, frie og nye etternamn. Slike løysingar gjeld oftast namn med skrivemåtar ganske nær namn ein har sjølv, eller som ein har tilknytning til. Nedanfor legg eg mest vekt på eksempel med nære skrivemåtar, fordi det ofte er aktuelt i saker der folk ønskjer namn med tradisjon.

Beskytta etternamn vil seie namn med 200 eller færre berarar i Noreg no. Det blir rekna strengt etter skrivemåten, som omtalt nedanfor.

Sidan grensa er senka frå 500 til 200, har f.eks. dei tidlegare beskytta *Sture* (331) og *Sverdrup* (318) blitt frie for alle, men ikkje *Fedje* (197). Folk utan nær nok tilknytning til beskytta namn, kan få dei dersom dei får samtykke frå alle som har namnet med den ønskete skrivemåten, f.eks. frå alle myndige som heiter *Fedje*. Det er berre bruk som etternamn som tel. Mellomnamn er ikkje beskytta, og har heller ikkje vore det før.

Dersom ein ønskjer det beskytta *Nedreli* (7), treng ein samtykke frå dei som har akkurat same skrivemåten, og bl.a. ikkje frå dei som heiter *Nedrelid* (189). Dersom ein ønskjer *Nedrelid*, trengst det i staden samtykke frå dei 189 med akkurat det namnet. Det er i praksis vanskeleg å få samtykke for etternamn med meir enn 50–100 berarar, fordi ikkje alle svarar.

Frie etternamn er namn med fleire enn 200 berarar i Noreg no. Eit formål med senkinga av grensa var å gjere det lettare å få namn søkjarar har ei for fjern tilknytning til, som for *Sture* nemnt ovanfor.

Det finst mange eksempel på ganske like etternamn der kvart har under 200 berarar, men der dei samla har over 200. Ingen av dei blir rekna som frie, fordi det er skrivemåten som tel, som nemnt. Verken *Meidell* (181) eller *Mejdell* (33) er frie namn, sjølv om det er 214 berarar samanlagt, og heller ikkje om ein legg til *Meidel* (14). Dersom nokre av namna som liknar kvarandre, har fleire enn 200, og andre har 200 eller færre, er berre dei over 200 frie. På den måten er *Vestli* (689) og *Westlie* (286) frie, men ikkje *Vestlie* (45) og *Westli* (175).

Nye etternamn er namn som ikkje er i bruk som etternamn, anten heilt ulike alle andre eller berre med ei litt avvikande form. Det kan bl.a. vere påfunn, namn på eit gardsbruk eller ein stad som ikkje er i bruk som etternamn, eller det kan vere eit tidlegare brukt namn i eiga slekt som ingen andre har no, og som ein ikkje har nær nok tilknytning til etter lova. Slike namn kan kven som helst i hovudsak få.

Dersom nokon ønskjer nye etternamn som kan bli blanda saman med andre beskytta etternamn på grunn av likskap, er det krav om samtykke frå alle berarane av desse. For

å unngå krav om samtykke, må nye etternamn normalt ha både ulik skrivemåte og ulik uttale i forhold til nære beskytta etternamnsformer. På den måten vil ein kunne få både *Nederli* og *Nederlid* (merk skrivemåtane!) som nye etternamn fordi dei har både skrivemåte og uttale som skil seg frå dei beskytta *Nedreli* og *Nedrelid* og frå alle andre etternamn. Sjå òg oversyn i tabell 1. *Instenes*, nemnt under pkt. 4, hadde både uttale og skrivemåte ulikt *Instanes* og alle andre etternamn.

Derimot vil ein ikkje få *Nedrelie*, som ingen har, utan samtykke. Grunnen er at det vil bli uttalt likt etternamna *Nedreli* og *Nedrelid*, sjølv om *Nedrelid* kan hende av nokre òg blir uttalt med *d* til slutt. *Tarlebøe* med *e* til slutt som mogleg nytt etternamn får ein berre med samtykke frå berarane av det beskytta *Tarlebø* (21), med lik uttale.

Behandlinga av samanblanding for nye etternamn er i hovudsak ei vidareføring av praksisen den siste tida med den forrige lova.

Nokre berarar av beskytta etternamn ønskjer å endre til ein språkleg beslekta skrivemåte som er eldre, og som ikkje er i bruk som etternamn no. Formelt vil det seie eit nytt etternamn. Det kan dei få utan samtykke frå dei som dei deler lik skrivemåte med. Heiter ein allereie *Tarlebø*, kan ein få det nye forvanska namnet *Tarlebøe* utan samtykke frå dei som har same etternamn som dei sjølv. Heiter ein *Nedreli* og ønskjer *Nedrelie*, treng ein heller ikkje samtykke frå dei som heiter det same som ein sjølv, men ein må ha samtykke frå dei som heiter *Nedrelid* fordi det kan blandast saman med namnet ein ønskjer.

Krava om samtykke når ein søker om nye etternamn som kan likne andre, gjeld berre frå berarar av beskytta namn. Dersom nokon f.eks. vil ha *Thotland* som nytt namn, krevst ikkje samtykke. Grunnen er at det berre kan blandast saman med det frie *Totland* (913).

Etternamn	Berarar pr. 1.1.2005	Beskytta el. nytt
Nedreli	7	beskytta
Nedrelid	189	beskytta
Nedrelie	0	ev. nytt
Nederli	0	ev. nytt
Nederlid	0	ev. nytt

Tabell 1. Variantar av *Nedreli* og *Nederli*

Vidare lesnad

Lov om personnavn (navneloven) 7. juni 2002.

Rundskriv G-20/2002, utg. av Justisdepartementet 15.11.02.

IU: Navn på gårdsbruk som etternavn. I: *Nytt om namn* (NyN) nr. 35 (2002), s. 14–21.

Oslo. [Om dokumentasjon.]

IU: Etternavn og mellomnavn med familietradisjon. I: Nyn nr. 37 (2003), s. 18–23. [Om dokumentasjon.]

IU: Etternavn danna av navn på gårdsbruk – sett i et navnebeskyttelsesperspektiv. I: *Namn og Nemne* nr. 20/21 (2003/04) [trykt 2005]. Bergen. [Historisk oversyn.]

IU: Fine gamle etternamn - to år etter. I: NyN nr. 40 (2004), s. 9–13. [Litt fyldigare versjon av denne artikkelen i DIS-Hordaland i 2005.]

Intervju med IU i *Bergens Tidende* 2. mai 2003, s. 28, "Ta det etternavnet du vil ha". [Bl.a. om dokumentasjon for etternamn i slekta, fantasinamn, og om å få namn på kjende stader som etternamn. Det er fleire mindre oppslag.]

Intervju med IU i *Bergens Tidende* 18. april 2005, s. 4, "Tar tilbake gamle slektsnavn". Også i *Aftenposten* (s. 18–19, annan tittel), *Adresseavisen* (s. 46) og *Fædrelandsvennen* (s. 11), og eit kort oppslag i *Stavanger Aftenblad* (s. 2). [Om same emna som i denne artikkelen, men med andre eksempel. Fire av avisene har fleire mindre oppslag.]

Korleis søkje?

Søknader sender ein til det lokale folkeregisteret. Lova, rundskrivet om lova og meldingsskjema finst på denne nettadressa [24.4.2005]:

<http://odin.dep.no/jd/norsk/dok/regelverk/rundskriv/012101-250014/dok-bn.html>

*Ivar Utne, amanuensis i norsk språk og namneforskar, Nordisk inst., UiB
ivar.utne@nor.uib.no*

RESTAR SOM IKKJE ER NATURLEG DEL AV EMNET FOR ARTIKKELEN:

X) Namn med tradisjon i norsk historie, frå personar og stader

Lova hindrar i hovudsak ikkje at ein tek i bruk gamle utdøyddde etternamn, også frå kjende historiske personar. Namn etter historiske personar som har stor symbolverde vil i nokre tilfelle bli avviste etter § 10 om "andre sterke grunnar", vurdert etter kor kjende personane er.

Y) Modernisering av eit etternamn ein har

Det har blitt høve til å endre etternamn slik at det kjem nærare vanleg uttale av namnet eller til moderne rettskriving. Dessuten kan ein endre fra æ, ø og å til bokstavar som er lettare å bruke i andre land. Dette kan ein gjere utan omsyn til om ein ønskjer eit namn som er beskytta (§ 6). Det kan vere endringar frå dei frie *Opheim* (1364) til det beskytta *Oppheim* (96), eller frå det frie *Lerøy* (210) til det beskytta *Leroy*, som elles har fransk opphav, eller til *Leroey*, eller fra det beskytta *Åreskjold* (98) til det beskytta *Aareskjold* (150).